

A portrait of Olav Kobbeltveit, a middle-aged man with wavy, light-colored hair, smiling. He is wearing a dark blue button-down shirt under a light grey blazer. The background is a soft-focus outdoor setting with trees.

Olav Kobbeltveit
- ordførarkandidat for Fjell Venstre

Program for **Fjell** **Venstre**

for perioden 2015-2019



Folkestyre, miljø og nyskaping

Fjell Venstre vil ta makta tilbake til kommunestyresalen. Det er store oppgåver som ventar i Fjell, og då er det viktig at det er dei folkevalde som rår.

Fjell Venstre vil styra kommunen slik at veksten blir til nytte og glede for alle innbyggjarane. Styringa må vera basert på opne politiske prosessar, der borgarane kan gjera seg kjend med sakene og seia meininga si undervegs.

Eit tettare samarbeid, eventuelt samanslåing, med kommunane Sund og Øygarden, må skje i ein vennlegsinna atmosfære, der den største kommunen viser raus velvilje i møtet med dei mindre grannekommunane. Både Sund og Øygarden må i så fall sikrast berekraftige senter og ei utvikling minst like god som om dei var sjølvstendige kommunar.

Det forpliktar å vera ein stor og veksande kommune, den tredje største i Hordaland. I det valkampen tek til, opplever vi den største flyktningekatastrofen etter andre verdenskrigen. Noreg må ta sin del av børa, og Fjell bør vera raus når Staten ber oss busetja flyktningar.

Særleg kan det vera trong for å ta imot born og unge, som dermed kan få ein ny start i Fjell.

Konsentrert bustadbygging

Folketalet i Fjell vil sannsynleg veksast frå 24000 i dag til heile 40000 om tjue år. Veksten skal skje balansert og i heile kommunen, endå om dei utpeika sentra – Straume og Ågotnes – vil måtta få størst vekst. Framtidig bustadbygging i Fjell vil måtta skje med mindre raus bruk av areal. Kommunen har ikkje uavgrensa tilgang på byggjeland, så her kan det vera klokt å økonomisera med arealet. Einebustader på store tomter vil i mindre grad prega framtidig utbygging. Rekkehus og leilegheiter – gjerne i små blokker – krev vesentleg mindre plass. Også dei gamle grendene må få tilgang på nye bustader, men det er eit overordna mål at bustadbygging må knytast til kollektive transportløyningar. Fjell Venstre vil elles leggja til rette for ei meir miljøvennleg bustadbygging, med bruk av fjernvarme og bygging av passivhus.

Regelverket kring bygging i strandsona må praktiserast romsleg, slik at det kan bli aktivitet i hundremetersbeltet der det er busetnad frå før. Samstundes må hundremetersregelen nyttast på eit vis som gir allmugen tilgang til strandsone og sjø. Dette gjeld særleg i tett-



bygde strok, som på Litle-Sotra. Fjell har eit rikt miljø av naust og sjøhus. Altfor mange står til nedfalls. Det er viktig at kommunal planlegging legg til rette for at eigarane kan halda desse nausta og sjøhusa i stand, og at det kan tillatast bruk som gjev eigarane inntekter.

God helse for ung og gamal

Førebyggjande helsearbeid er ei investering i framtida. Det må arbeidast offensivt og med førebyggjande tiltak mot rusmisbruk og kriminalitet. Eit mål må vera at Fjell kommune etablerer ein rusakutt tilsvarande den som finst i Bergen. På sikt er det også ønskjeleg med eit dagsenter, med diverse tilbod til rusmisbrukarar. Fjell Venstre øn-

sker å styrkja helsesøstertenesta i kommunen.

Det må leggjast til rette for at dei eldre kan bu heime så lenge som råd. Då må det satsast på ei heimesjukepleie som fungerer, og som gir heimesjukepleiarane gode arbeidsforhold og høve til å ta seg tid med klientane. Mange eldre vil måtta tilbringa livskvelden på ein offentlig institusjon. Her må Fjell vera føre var og byggja ut eldreomsorga med eit variert tilbod – og på ulike nivå.

Fjell Venstre vil at lærarar og førskulelærarar blir godt kursa i korleis dei kan oppdaga vald og overgrep mot born på eit tidleg tidspunkt.

Vi må reisa kollektivt

Fjell Venstre meiner at all auke i trafikk skal skje via kollektive transportmiddel.

Dette er einaste framtidsretta løysing som kan hindra nye køar på innfartsåraane til Bergen generelt – og på Sotrasambandet spesielt.

Venstre vil prioritera eit tryggare lokalt vegnett, med gode gang- og sykkelveggar. Born skal kunna ferdest trygt på skulevegen.

Skal kollektivtrafikken fanga opp trafikkauken, må det byggjast ein del vegstubbar på Little-Sotra som legg til rette for kollektivtrafikk. Vegen frå Straume til Foldnes/Våge/Anglavika må vidareførast til Hjelteryggen. Då kan bussar køyra frå Straume og ta med seg dei folkerike områda frå Foldnes til Hjelteryggen direkte til Bergen – og same rute heimatt. Dagens vegstandard tilseier at gjennomkøyring må reserverast for buss.

Sameleis må vegen frå Straume til Ebbesvika fullførast snarast, slik at bussar kan gå frå Straume om Ebbesvika, Snekkevika, Brattholmen, Arefjord og direkte til byen, med retur langs same aksa.

I eit litt lengre perspektiv må det

byggjast ny veg mellom Haganes og Liaskjeret, slik at også denne delen av kommunen – inkludert Li/Ekrhovda og Søre Bildøy/Gamle Bildøy – kan få eit fullverdig kollektivtilbod. Dette bør skje parallelt med ei kraftig opprusting av vegen frå Kolltveit og sørover til grensa til Sund kommune.

Med prognosar som seier tilseier 60 000 menneske i Sotra/Øygarden-regionen i 2035, må det byggjast til rette for bybane alt i samband med det no planlagde Sotrasambandet, i første rekkje til Straume. Når det gjeld traséval for Sotrasambandet på Sotrasida, krev Venstre at traséen blir lagd i samsvar med Fjell kommunestyre sitt samrøystes vedtak den 21. juni 2012.

Fjell Venstre meiner at det på lengre sikt bør koma eit nytt og avlastande fastlandssamband lenger sør. Det vil tryggja beredskapen, og gje ei meir balansert utbygging på Sotra. Vegen på vestsida, frå Kårtveit til Møvika, treng opprusting snarast.

Fjell Venstre vil påleggja fylkeskommunen snarast å ta initiativ til at "Parker & reis-anlegg" blir etablert fleire stader i kommunen, så som på Kolltveit/Fjell, Ågotnes og Straume.

Venstre vil også utgreia om eit miljøvennleg sjøverts samband til Bergen kan bli eit framtidsretta alternativ til transport på veg.

Gode lærarar – gode læremiljø

Fjell Venstre gir skulen høg prioritet.

Den viktigaste oppgåva for skulen er å gje den enkelte elev best mogeleg kunnskapsnivå, grunnleggjande ferdigheiter og tru på eigne evner.

Grunnskuleelevene i Fjell skal ha tilgang til ein offentleg skule som gir dei eit godt fagleg og sosialt tilbod, og sikrar eit godt læremiljø. Den viktigaste faktoren i skulen er læraren. Det er difor eit krav at læraren har utdanning i dei faga han/ho underviser i.

Fjell Venstre vil sikra at lærarane i kommunen får den etterutdanninga dei treng. Vi vil også sikra at skulen i Fjell er ein attraktiv arbeidsplass som tiltrekkjer seg gode lærarar. Gjennom gode og trivelege klassemiljø sikrar vi trygge elevar og eit godt læremiljø, der vaksne lærarar er tydeleg til stades og elevane viser omsut for kvarandre. Elevane skal veta at det er nulltoleranse for mobbing i Fjell. Elevane skal også ha tilgang til uteområde som inspirerer til lek og aktivitet. Symjebasseng og god symjeopplæring – heile året – som ein del av gymnastikkundervisninga, er viktig i kystkommunen Fjell.

Fjell Venstre vil også ha gode skulebibliotek på kvar skule, der det overordna ansvaret ligg hos ein fagutdanna bibliotekar.

Datamaskiner kan vera ein styrke i undervisninga, men må brukast med forstand. Forsking viser at tradisjonell undervisning som regel er vel så bra.

Skulestrukturen i Fjell er – trass i fleire rundar siste åra – ikkje tilfredsstillande. Det er lite gunstig å køyra elevane frå Ekrhovda og Li til Kolltveit, når det i neste omgang fører til at Kolltveit-elevane må køyrast til Knappskog. Fjell Venstre vil krevja at kommunestyret med ope sinn føretar ei ny heilskapsvurdering av skulestrukturen i Fjell. Når Fjell skal vidareutvikla skulestrukturen, er det elevens beste som har høgste prioritet. Fjell Venstre ønskjer at elevane i Fjell så langt råd er skal ha tilbod om ein skule i nærmiljøet. Lang skulereis med buss eller bil må helst unngåast. Skule i nærmiljøet er også ein av faktorane som gjer det attraktivt å busetja seg i bygdene i Fjell. Samtidig veit vi at der finst ei nedre grense for kor liten ein skule kan vera.

Fjell Venstre ønskjer å halda på skulen som viktig kulturformidlar, og vi vil at Fjellskulen skal prioritera å gje elevane kunnskap om historia i heimkommunen.

Tilbodet om høgare utdanning lokalt i Fjell har gitt gode resultat, og kan gjerne utvidast til fleire fagområde.

Kultur og næring: grøn og nyskapande

Mangfaldig kultur

Fjell Venstre vil styrkja det frivillige og mangfaldige kulturlivet i kommunen vår. Vi vil ha ei lokal forankring i utviklinga av eit breitt kulturtilbod. Fjell er ein ung kommune, der born og ungdom utgjer ein uvanleg stor del av det veksande folketalet. Vi har eit rikt tilbod av frivillige lag og organisasjonar, og dei må få gode arbeidsvilkår. Men vi må også leggja betre til rette for dei som vil gå sine egne vegar og føretrekkjer frie aktivitetar.

Sjø- og båtliv er viktig for innbyggjarane, endå om det no handlar meir om fritid enn om næring. Kommunale planar må sikra tilgang til sjø og gjestehamner. Venstre ønskjer at kommunen i større grad legg til rette for at attraktive område i strandsona blir friluftsområde.

Vakre kulturlandskap og kulturminne må takast vare på. Kulturlandskapet blir best forvalta av eit berekraftig landbruk. Kommunen bør leggja til rette for fleire og større parkeringsplassar for dei som vil bruka naturen. Vi må også ha rikeleg tilgang på turløyper med universell utforming. Fjell festning bør utviklast både som museum og som attraktivt friluftsområde, til glede for så vel innbyggjarane som for turistar.

Eit nyskapande næringsliv

Fjell Venstre vil aktivt støtta den nødvendige omstillinga frå fossil energi til meir klimavennelege energiformer.

Den lokale satsinga på under-vassteknologi gir lovande perspektiv for framtida.

Handelen er viktig for Fjell, som har eit av dei største og mest moderne kjøpesentra i heile landet. Den nye Kystbyen må strekkja seg etter arkitektoniske kvalitetar på høgt nivå. Byen må gje rom for kulturbygg, og inn iblant dei travle handlegatene må folk kunna slå seg ned i ikkje-kommersielle soner. Fjell Venstre seier nei til sundagsopne butikkar.

Fjell bør i større grad leggja til rette for ein turisme som på sikt kan bli ei viktig næring i kommunen.

I arbeidet med å skaffa regionen større industriprosjekt, bør Fjell gå i nært kompaniskap med grannekommunane, og såleis sjå heile regionen under eitt.

Fjell Venstre ønskjer å leggja til rette for ein berekraftig sjømatnæring i kommunen, med moderat bruk av antibiotika og høg grad av dyrevelferd. Det er ein føresetnad at vidare vekst i næringa ikkje påfører naturen varig skade.



**Elizabeth Toft Erichsen frå Sund
og Anne-Beth Njærheim frå Bømlo
- kandidatar til fylkestinget**

Vestlandsregionen

Ein Vestlandsregion for framtida

Hordaland må møta framtida som ein del av ein konkurransedyktig folkevald vestlandsregion. For Venstre er det å skapa ein region som er leiande på miljø, nyskaping, kultur & idrett og som gir alle ein førsteklasses skulegang det viktigaste i denne perioden.

Fylkeskandidatar:

- | | |
|---------------------------|------------|
| 1 Anne-Beth Njærheim | Bømlo |
| 2 Geir Kjell Andersland | Bergen |
| 3 Geir Angeltveit | Stord |
| 4 Elizabeth Toft Erichsen | Sund |
| 5 Torstein Gunnarsson | Voss |
| 6 Ingrid Handeland | Kvinnherad |

Hordaland Venstre vil:

- ✓ Erstatte fylkeskommunen med ein folkevald region og flytta fleire oppgåver ned frå staten.
- ✓ Byggja fleire «parker & reisanlegg», også med ladepunkt for elbil og sykkelparkering, på viktige kollektivknutepunkt.
- ✓ Arbeida for eit felles billettsystem på all kollektivtrafikk.
- ✓ Byggja ut fleire gang- og sykkelveggar.
- ✓ Prioritera god tilkomst til regionsentra, avlastingsveggar og vegprosjekt som er svært viktige for næringslivet.
- ✓ Jobba for at alle lærlingar får lære plass.

Venstre-kandidatane i Fjell kommune



1. Olav Kobbeltveit (f. 1951)

Journalist og redaktør, Kolltveit. «Mi fremste kamp-sak er å ta makta tilbake til kommunestyret, og sjå til at vi får eit reelt demokrati og lokalt sjølvstyre.»



2. Brith Edjassen (f. 1957)

Helsesekretær, Ulveset. «Jeg 'brenner' for dyrevelferd, kollektivtrafikk, innfartsparkering (parker og reis-anlegg) og båtrute mellom Sotra og Bergen.»




3. Per Svein Dufva (f. 1948)

Pensjonert lektor, Foldnes. «Eg er venstremann fordi eg trur på individet og har eit sosialliberalt grunnsyn. Eg er mest oppteken av miljøvern, også 'klassisk' miljøvern.»



4. Hege S. Hovland (f. 1975)

Arbeider i havbruksnæringa, Algrøyna. «Jeg er særlig opptatt av skolepolitikk og næringspolitikk. Ønsker å bidra til at Fjell får et bredt og miljøvennlig næringsliv.»



For meir informasjon om Fjell Venstre og for fullstendig program, sjå heimesida og facebooksida vår:
venstre.no/fjell
facebook.no/fjellvenstre

5. Arne Johan Tuvin

(f. 1969), Straume

6. Espen Elstad

(f. 1975), Åse

7. Halvor Skurtveit

(f. 1972), Foldnes

8. Brit Tønnesen Fjell

(f. 1948), Dala

9. Tore Turøy

(f. 1951), Bildøyna

10. Reidun Marie Nordvik

(f. 1959), Ulveset

11. Tommy Andre Borch

(f. 1988), Brattholmen

12. Liv Strømme

(f. 1960), Straume

13. Jan Arve Klungtveit

(f. 1961), Bildøyna

14. Jørund Ståle Mikkelsen

(f. 1961), Foldnes

15. Håvard Lygre

(f. 1976), Kolltveit

16. Helge Harald Fjell

(f. 1949), Dala

17. Odd Ivar Ølnes

(f. 1947), Bjørøyna

18. Haavard Dahl

(f. 1947), Anglavika

19. Roy Lønøy Benjaminsen

(f. 1975), Bildøyna

20. Kari Vatne

(f. 1944), Foldnes

